



Oddbjørn Kroka viser kor han skal byggja kraftverk.

Oddbjørn Kroka, uskedelingen som har ei svært heldig hand om oppbygginga av Ospelunden, har fleire jarn i elden. På ættegarden på Kroka i Mauranger satsar han på utbygging av småkraftverk. For 7 år sidan bygde han eit kraftverk. Han har ønskje om å byggja eitt til. Torsdag fekk han uventa hjelp til å nå dette målet.

No har han fått 3 millionar i støtte frå den svenske klesgiganten Hennes & Mauritz. Dermed er det med og sikrar han finansiering for utbygging av kraftverk nummer 2 på garden hans på Kroka.

Ved å [klikka inn på NRK Hordaland sine sider](#), kan de lese meir om denne gladsaka, og sjå innslaget i Vestlandsrevyen torsdag.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: NRK Hordaland